

Utval: Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Møtestad: Fylkesutvalssalen, 3 et., Fylkeshuset
Dato: 22.01.2019
Tidspunkt: 11.00-14:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Anita Garlid Johannessen	Medlem	A
Beate Husa	Leiar	KRF
Neshe Lie	Medlem	H
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP
Espen Berntsen	Medlem	A
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A
Geir Kjell Andersland	Medlem	FL MDG/V
Olav Kvinge	Medlem	H
Gro Berge	Medlem	A

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Siri Klokkestuen	Medlem	A
May Eva Sandvik	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Christer Lilleskare Olsen	May Eva Sandvik	H
Kari Foseid Aakre	Siri Klokkestuen	A

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Ronny Skaar	Utviklingssjef for kultur- og idrettsavdelinga
David J. Aasen Sandved	Kst. fylkeskonservator
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Britt-Karin Spjeld	Fylkesidrettssjef
Ruth Ørnholt	Fylkesbiblioteksjef
Silje Lyngstad	Rådgjever/møtesekretær

Silje Lyngstad
Møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/19	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 3/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/19	Fråsegn til 3. gongs høyring av kommuneplanen sin arealdel (KPA) for Austrheim kommune	2016/4091	
RS 2/19	Tildeling av midlar til Bokåret 2019 i Hordaland	2018/13326	
RS 3/19	Kulturrådet si vurdering av musea i 2017	2016/2550	
RS 4/19	Tilskot til musikkfestivalar i Hordaland gjennom Norsk kulturfond/Kulturrådet	2018/161	
RS 5/19	D/S Stord I - den Europeiske kulturminneorganisasjonen Europa Nostra - har tildelt skipet - Special Mention of the Jury	2017/14814	
RS 6/19	Rapport frå NTNU - Sykkel-VM 2017. Fra folkefest til økonomisk bakrus	2014/1636	
RS 7/19	Førebels program for Hold Norge Rent-konferansen	2017/3304	
RS 8/19	STI-konferansen 2019	2017/3304	
RS 9/19	Invitasjon til anleggskonferansen 2019, Sogn og Fjordane og Hordaland	2018/17543	
RS 10/19	Folkehelseundersøking i Hordaland 2018 - resultat og vidare bruk	2018/17430	
PS 4/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
PS 5/19	Ymse		
PS 6/19	Handlingsprogram for nærings- og lokalsamfunnsutvikling - budsjett 2019	2018/17532	
PS 7/19	Fråsegn til 1. gangs offentlig ettersyn og høyring - detaljregulering av Dalekletten - Øygarden kommune	2017/673	
PS 8/19	Innspeil frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2019	2018/490	
PS 9/19	Fordeling av midlar til modellbibliotek i Hordaland 2019	2018/16787	
PS 10/19	Nye tilskotsordningar til bibliotekføremål i 2019	2018/17537	
PS 11/19	Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020. Status etter to år.	2016/3968	
PS 12/19	Fullmakter på kultur- og idrettsområdet 2019	2015/12714	
PS 13/19	Revisjon av retningsliner for Prosjekttilskotsordningar	2018/17527	
PS 14/19	Forslag om endringar i stadnamnlova - Høyringsutale frå Hordaland fylkeskommune	2019/56	
PS 15/19	Programområde i Kulturelt utviklingsprogram KUP 2019	2019/123	

PS 1/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Innkalling og saksliste vart godkjend utan merknader.

PS 2/19 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Møteboka frå 04.12.18 vart godkjend utan merknader.

PS 3/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

RS 1-10/19 vart referert.

PS 4/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Det var ingen innkomne spørsmål til møtet.

PS 5/19 Ymse

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Orienteringar

- Presentasjon Vossajazz v/ dagleg leiar Trude Storheim
- Presentasjon Edvard Grieg kor v/ dagleg leiar Simon Kirkbride.
- Program/invitasjon til kulturkonferansen 2019.

PS 6/19 Handlingsprogram for nærings- og lokalsamfunnsutvikling - budsjett 2019

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtar framlagt forslag til budsjett for 2019 for «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*»

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtar framlagt forslag til budsjett for 2019 for «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*»

PS 7/19 Fråsegn til 1. gangs offentleg ettersyn og høyring - detaljregulering av Dalekletten - Øygarden kommune

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser at detaljreguleringa for Dalekletten legg til rette for ei god utvikling på Toftøyana, mellom anna med å bidra til eit variert bustadtilbod som har nærleik til primære tilbod.

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at etablering av ei fjerde einssidig haldeplass langs fv 561 på Toftøyna gjev ulemper for både kollektivreisande og bussjåførane, og kan redusere kollektivtilbodet sitt bidrag til å nå nullvekstmålet. Det er knytt motsegn til dette punktet.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sit punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmann sitt punkt 2 fekk ingen røyster.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser at detaljreguleringa for Dalekletten legg til rette for ei god utvikling på Toftøyna, mellom anna med å bidra til eit variert bustadtilbod som har nærleik til primære tilbod.

PS 8/19 Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2019

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner jordbruksforhandlingane må styrkja inntektsgrunnlaget til dei små,- og mellomstore bruka.
2. Fylkesutvalet meiner små- og mellomstore bruk skal bli skjerma i framtidige kvotereguleringar.
3. Fylkesutvalet meiner at rammene for investering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima og at investeringsmidlane vert forvalta regionalt.
4. Fylkesutvalet anbefalar at det blir satsa på regionale utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, endringar i klima, nye dyrkingsteknikkar og auke i økologiske produksjonar.
5. Fylkesutvalet meiner at det bør bli lagt til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog og auke i grad av vidareforedling nasjonalt og lokalt.
6. Fylkesutvalet anbefalar at det blir satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket og som gjer at fleire unge vel landbruksretta utdanning.
7. Fylkesutvalet anbefalar at det blir etablert regionale program for klimatilpassing og at dreneringstilskot blir tilpassa etter regionale forhold.
8. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til klimatilpassing, grønne skifte og bioøkonomi bør bli intensivert og tilpassa regionale forhold og at regionane bør få tilgang til forskingsmidlane som blir avsett gjennom jordbruksavtalen.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet meiner jordbruksforhandlingane må styrkja inntektsgrunnlaget til dei små,- og mellomstore bruka.
2. Fylkesutvalet meiner små- og mellomstore bruk skal bli skjerma i framtidige kvotereguleringar.
3. Fylkesutvalet meiner at rammene for investering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima og at investeringsmidlane vert forvalta regionalt.

4. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på regionale utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, endringar i klima, nye dyrkingsteknikkar og auke i økologiske produksjonar.
5. Fylkesutvalet meiner at det bør bli lagt til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog og auke i grad av vidareforedling nasjonalt og lokalt.
6. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket og som gjer at fleire unge vel landbruksretta utdanning.
7. Fylkesutvalet anbefaler at det blir etablert regionale program for klimatilpassing og at dreneringstilskot blir tilpassa etter regionale forhold.
8. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til klimatilpassing, grønne skifte og bioøkonomi bør bli intensivert og tilpassa regionale forhold og at regionane bør få tilgang til forskingsmidlane som blir avsett gjennom jordbruksavtalen.

PS 9/19 Fordeling av midlar til modellbibliotek i Hordaland 2019

Forslag til vedtak

1. Jondal, Odda og Vaksdal kommune får løyving på kr 100 000 til utvikling av biblioteklokale og støtte til interiørarkitekttenester etter søknad.
2. Etne, Bømlo og Austrheim kommune får avslag på søknad.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Jondal, Odda og Vaksdal kommune får løyving på kr 100 000 til utvikling av biblioteklokale og støtte til interiørarkitekttenester etter søknad.
2. Etne, Bømlo og Austrheim kommune får avslag på søknad.

PS 10/19 Nye tilskotsordningar til bibliotekføremål i 2019

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtar tilskotsordningane til bibliotekføremål i 2019 slik det kjem fram av saka.
2. Ein stipendkomité beståande av leiarane ved Hordaland fylkesbibliotek, Bergen Off. Bibliotek, Universitetsbiblioteket i Bergen og biblioteket på Høgskulen på Vestlandet får fullmakt til å dele ut stipend til deltaking på World Library and Information Congress 2019.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtar tilskotsordningane til bibliotekføremål i 2019 slik det kjem fram av saka.

2. Ein stipendkomité bestående av leiarane ved Hordaland fylkesbibliotek, Bergen Off. Bibliotek, Universitetsbiblioteket i Bergen og biblioteket på Høgskulen på Vestlandet får fullmakt til å dele ut stipend til deltaking på World Library and Information Congress 2019.

PS 11/19 Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020. Status etter to år.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek statusrapport om Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020 til vitande, og bed om at arbeidet med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande opplæring held fram i samsvar med strategiplanen.
2. Fylkesutvalet meiner at tiltak knytt til å integrere biblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid bør realiserast raskt innanfor gjeldande budsjetttrammer.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at styrka bibliotekfagleg bemanning og utvikling og forbetring av biblioteklokala i tråd med vedteken strategi vert del av dei komande budsjettprosessane i Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek statusrapport om Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande skule 2017-2020 til vitande, og bed om at arbeidet med utvikling av gode bibliotektenester i vidaregåande opplæring held fram i samsvar med strategiplanen.
2. Fylkesutvalet meiner at tiltak knytt til å integrere biblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid bør realiserast raskt innanfor gjeldande budsjetttrammer.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at styrka bibliotekfagleg bemanning og utvikling og forbetring av biblioteklokala i tråd med vedteken strategi vert del av dei komande budsjettprosessane i Vestland fylkeskommune.

PS 12/19 Fullmakter på kultur- og idrettsområdet 2019

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling gir fylkesrådmannen fullmakt til å fordele/disponere tilskota innan kultur, idrett og friluftsliv i følgjande postar etter dei føringane som ligg i saka:

1. Post 400.410: Fylkespremiar kr 50.000
2. Post 400.420:
Støtte til regionale arrangement for menneske med nedsett funksjonsevne - psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse kr 550.000

Konferansar/ kompetanse knytt til aktivitets- og anleggsutvikling i kommunar og organisasjonar kr 233.000

3. Post 400.720 – tre budsjettpostar knytt til internasjonal kulturarbeid og –samarbeid:
 - a. Internasjonalt kultursamarbeid, kr 180 000
 - b. Juleprosjekt Orknøylene, Edinburgh og Cardiff, kr 180 000Kulturavtale Basse Normandie, kr 150 000

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling gir fylkesrådmannen fullmakt til å fordele/disponere tilskota innan kultur, idrett og friluftsliv i følgjande postar etter dei føringane som ligg i saka:

1. Post 400.410: Fylkespremiar kr 50.000
2. Post 400.420:
Støtte til regionale arrangement for menneske med nedsett funksjonsevne - psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse kr 550.000

Konferansar/ kompetanse knytt til aktivitets- og anleggsutvikling i kommunar og organisasjonar kr 233.000
3. Post 400.720 – tre budsjettpostar knytt til internasjonal kulturarbeid og –samarbeid:
 - a. Internasjonalt kultursamarbeid, kr 180 000
 - b. Juleprosjekt Orknøyene, Edinburgh og Cardiff, kr 180 000Kulturavtale Basse Normandie, kr 150 000

PS 13/19 Revisjon av retningsliner for Prosjekttilskotsordningar

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til reviderte kriteria for tilskotsordninga *Prosjekttilskot: Kunst og kultur – profesjonell* slik dei ligg føre i vedlegget til saka.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til reviderte kriteria for tilskotsordninga *Prosjekttilskot: Kultur – amatør* slik dei ligg føre i vedlegget til saka.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til reviderte kriteria for tilskotsordninga *Prosjekttilskot: Større kulturprosjekt* slik dei ligg føre i vedlegget til saka.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Beate Husa (KRF) sette fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2:

Det er blitt skreve feil i saksdokumentets vedlegg nr. 2 om «Innretting og kriteria for Prosjekttilskot: kultur – amatør» punkt. 5 a). Dette vert retta til:

5. KVEN KAN SØKJE

a. Ordninga gjeld for aktørar innan det frivillige kulturfeltet i Hordaland, og tiltaket skal ha kulturaktivitet som hovudføremål»

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 1-3 vart samrøystes vedteke.

Husa sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til reviderte kriteria for tilskotsordninga *Prosjekttilskot: Kunst og kultur – profesjonell* slik dei ligg føre i vedlegget til saka.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til reviderte kriteria for tilskotsordninga *Prosjekttilskot: Kultur – amatør* slik dei ligg føre i vedlegget til saka.

Det er blitt skreve feil i saksdokumentets vedlegg nr. 2 om «Innretting og kriteria for Prosjekttilskot: kultur – amatør» punkt. 5 a). Dette vert retta til:

5. KVEN KAN SØKJE

a. Ordninga gjeld for aktørar innan det frivillige kulturfeltet i Hordaland, og tiltaket skal ha kulturaktivitet som hovudføremål»

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til reviderte kriteria for tilskotsordninga *Prosjekttilskot: Større kulturprosjekt* slik dei ligg føre i vedlegget til saka.

PS 14/19 Forslag om endringar i stadnamnlova - Høyringsutale frå Hordaland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland går inn for alternativ 1 då ein er usikker på konsekvensane endringar i paragraf 4 etter alternativ 2 vil ha for utvikling av stadnamn som kulturminne på sikt.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Kjell Gitton Håland (A) sette på vegner av A, KRF, SP, FRP, V og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling går inn for alternativ 2 Kulturdepartementet sitt forslag til endring i lov om stadnamn».

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmann sitt forslag.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling går inn for alternativ 2 Kulturdepartementet sitt forslag til endring i lov om stadnamn.

PS 15/19 Programområde i Kulturelt utviklingsprogram KUP 2019

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek følgjande 3 programområde for KUP til å gjelde i 2019:
 - A. Formidling og deltaking
 - B. Samordning og samhandling
 - C. Kunstløft – kunstnarleg nyskaping

Programområda skal presenterast slik dei vert gjort greie for i saksframlegget.

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling stadfester gjeldande retningslinjer og vilkår for ordninga slik dei er presentert i saksframlegget.
3. I tillegg kan det søkjast støtte til prosjekt innan idrett og friluftsliv. Inntil 500 000 kroner kan løyvast kvart år til tiltak på desse felta. Alle prosjekt skal vurderast ut i frå gjeldande retningslinjer og programområde i ordninga

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek følgjande 3 programområde for KUP til å gjelde i 2019:
 - A. Formidling og deltaking
 - B. Samordning og samhandling
 - C. Kunstløft – kunstnarleg nyskaping

Programområda skal presenterast slik dei vert gjort greie for i saksframlegget.

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling stadfester gjeldande retningsliner og vilkår for ordninga slik dei er presentert i saksframlegget.
3. I tillegg kan det søkjast støtte til prosjekt innan idrett og friluftsliv. Inntil 500 000 kroner kan løyvast kvart år til tiltak på desse felta. Alle prosjekt skal vurderast ut i frå gjeldande retningsliner og programområde i ordninga